

NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT – ÅRSRAPPORT 2014

Innhald

Del I: Melding frå leiaren	s. 2
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	s. 3
Styret og stillingar	s. 4
Del III: Aktivitetar og resultat i 2014	s. 5
Rettleiing	s. 6
Forsking	s. 6
Sosiale og dynamiske media (Lokalhistoriewikien)	s. 9
Bibliografi og bibliotek	s. 11
Seminarverksemd	s. 11
Redusere og fjerne tidstjuvar	s. 12
Arbeid for likestilling	s. 12
Grøn stat	s. 13
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	s. 13
Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda	s. 13
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	s. 14
VI: Rammer for årsrekneskap 2014	s. 14
Kommentar frå leiaren	s. 14
Formål	s. 14
Stadfesting	s. 15
Vurdering av vesentlege tilhøve	s. 15
Artskontorapportering for 2014 (note 1-7 og note A og B)	s. 16

Del I: Melding frå leiaren

Vår store satsing Lokalhistoriewiki er eit framifrå døme på korleis samarbeid mellom personar som sit fjernt frå kvarandre på ulike stader, kan få lettvinntilgang til det lokalhistoriske kunnskapsfeltet på Internett. Wikien hadde ein vekst på nesten 11 000 artiklar i året 2014. Talet på bilete og lydfilar auka med over 80 000. Både tal er langt over dei mål vi sette oss i årsplanen for verksemda. Mykje av denne auken skuldast dei mange små og individuelle brukarane som har laga artiklar eller lasta opp bilete til Lokalhistoriewiki, åleine eller saman med andre skribentar. Lokalhistoriewiki har i dag omkring 2200 registrerte brukarar.

Ein veksande del av auken skuldast dessutan dei mange samarbeidsprosjekta som wikien legg til rette for. Som ei direkte følge av wikien har NLI i dag eit mykje tettare samarbeid enn tidlegare med ei lang rekkje offentlege institusjonar og friviljuge aktørar innanfor kultur- og kunnskapssektorane. Vi kan til dømes nemne Riksarkivet, Nasjonalbiblioteket, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Høgskulane i Volda og Telemark, Statistisk Sentralbyrå og Folkehelseinstituttet. Wikien har også skapt eit heilt nytt potensial for samarbeid med friviljuge organisasjonar innanfor kulturfeltet, og endeleg – og kanskje aller viktigast: Lokalhistoriewiki har skapt ein heilt ny dimensjon i vårt samarbeid med dei aller tyngste aktørane innanfor kunnskapsfeltet lokalhistorie, kommunane og dei lokale historielaga. Det siste skuldast ei utvikling som særleg har skote fart i det siste året: Kommunane og historielaga har oppdaga wikiens potensial som eit rimeleg, dynamisk, grenselaust, påliteleg og lokalt mobiliserande alternativ til fysiske by- og bygdebøker. Gjennom fleire år har NLI arbeidd aktivt for å marknadsføre wikiens potensial på dette området. Vi trur at budskapet no er i ferd med å nå fram.

By- og bygdebøker har vore territoriebyggjande litteratur. Tidleg på 2000-talet forma NLI visjonen om ei grenselaus, nettbasert lokalhistorie. Denne visjonen nærmar seg noe si realisering gjennom Lokalhistoriewiki. Historikaren Knut Kjeldstadli har argumentert for at vi også treng ein opnare måte å tenkje lokalhistorie og lokalsamfunn på, for å kunne forstå og forklare dei store endringane i samfunnet som migrasjon og globalisering inneber. Instituttet har også hatt ein visjon om å realisere dette gjennom ei medviten satsing på fleirkulturell lokalhistorie. Vi har aktivt oppfordra innvandrarak og innvandarmiljø om å skrive historia om den nyare innvandringa til Noreg med utgangspunkt i et lokalsamfunnsperspektiv og på basis av eigne røymsler kring møtet mellom ulike kulturar. Vi har også søkt å stimulere norske lokalhistorikarar til å integrere kultur møte, fleirkultur og innvandring i by- og bygdebøker.

På desse punkta er det store utfordringar og utfordringar på fleire plan: For det første når det gjeld prosjektstøtte. Å gje manusvegledning til lokalhistoriske prosjekt er svært tidkrevjande, både fordi det mange gonger trengst omfattande språkleg rådgjeving, men også fordi heile konseptet "historie" kan vere så ulikt det moderne vitenskaplege, at det er nødvendig med omfattande dialog mellom skribentane og NLI som formidlarar til det norske samfunn. For det andre når det gjeld rettleiing til norske lokalhistorikarar, som ofte arbeidar innanfor trange tidfristar og på basis av klåre føringar om å skrive historie for lokale lesarar. Det er ikkje å undre seg over at innvandrarak kan bli gløymde i ein slik arbeidssituasjon. Framleis er det nok slik at innvandrarak både som individ og gruppe manglar i mange lokalhistoriske arbeid. I den grad dei er representerte, er det ofte på basis av eit kommunalt problemperspektiv – med utsikt frå sosialetaten eller skoleverket – eller som ein kontrast til dei bufaste i samfunnet, som "Dei andre" i høve til det etablerte "Vi". Her er det mykje arbeid å gjere, så

vel når det gjeld informasjon som forskning. NLI har tidlegare søkt Kulturdepartementet om løyvingar til to nye stillingar øyremerkt fleirkulturell lokalhistorie. Det har vi ikkje fått. Av denne grunn har instituttet sett seg nøydd til å redusere tilbodet om manuslesing for personar eller grupper med innvandrarbakgrunn.

For å kunne satse fullt er det heilt naudsynt å kunne tilsette personar med ekspertise på innvandrarbefolkninga. I mellomtida er det også på dette området Lokalhistoriewiki som blir vår viktigaste reiskap, og la det vere sagt enno ein gong: Det er slett ingen dårleg reiskap!

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kulturdepartementet (KUD). NLI er lokalisert i Oslo og har adresse i Observatoriegata 1 b. Instituttet har som samfunnsoppdrag å fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forskning, men også stimulere til forskning og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonsentrum for lokalhistorie. I gjeldande strategiplan for NLI har instituttet følgjande visjon for verksemda:

NLI skal være det ledende miljø på nasjonalt plan for dialogisk fagutvikling innen et vidt spektrum av stedsforskning, lokal- og regionalhistorie.

Samfunnsoppdraget og visjonen plasserer NLI som eit sentralt knutepunkt i det lokalhistoriske kunnskapsfeltet på landsbasis. Instituttet skal medverke til forskingsbasert nyutvikling innan faget, ikkje berre drive konsultativ formidling av eksisterande kunnskap og dokumentasjon. I dagens forskings-, utdannings- og kommunikasjonsverd er det vesentleg å framheve at fagleg nyutvikling må skje i dialog og samverknad med andre aktørar og interessentar på feltet. Dette gjeld universitet og høgskuler, ABM-sektoren, friviljuge organisasjonar, offentlege styresmakter og det interesserte publikum. Instituttet vil i denne samanheng også arbeide aktivt med å utvikle vår kompetanse og våre tiltak overfor minoritetar og innvandrarbefolkninga.

NLI har vore i drift med eigne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956. Rekneskapen til instituttet blir ført etter kontantprinsippet. NLI har eit styre på fem medlemmer med personlege vararepresentantar oppnemnde av KUD. Medlemer og vararepresentantar blir oppnemnde etter framlegg frå Landslaget for Lokalhistorie, Noregs museumsforbund, Den norske historiske foreining og frå Arkivverket. Kvar av desse peikar ut ein representant. Dessutan har dei tilsette ved NLI ein representant i styret. For perioden frå 2014 til 2017 har styret følgjande samansetting:

Styresamansetting:

Navn	Reprenter
Torveig Dahl, leiar Vararepresentant: Per Norseng	Noregs Museumsforbund
Finn-Einar Eliassen, nestleiar Vararepresentant: Atle Døssland	Den norske historiske forening
Eli Fure	Arkivverket

Vararepresentant: Sigrid Jostad	
Aud Mikkelsen Tretvik	Landslaget for lokalhistorie
Vararepresentant: Stein Arne Fauske	
Hans Hosar	Dei tilsette ved NLI
Vararepresentant: Ola Alsvik	

Personalressursar og stillingar

Norsk lokalhistorisk institutt har hatt 6 faste stillingar og 6 engasjementsstillingar i 2014. Ved sida av dei forskingsrelaterte stillingane (4 forskarar og 4 vitskaplege assistentar) hadde NLI ein informasjonsrådgjevar i fast og full stilling. Vidare var det tilsett ein IT-rådgjevar i 74 prosent stilling på engasjementsbasis og endeleg ein førstekonsulent i fast og full stilling, som deler tida mellom administrative funksjonar – primært rekneskap – og bibliotekarfunksjonar. Instituttet har hatt følgjande personalsituasjon i året som gjekk:

Faste stillingar:

Navn	Stilling	Periode	Vekeverk
Marthe Glad Munch-Møller	Vitskapleg assistent	01.01.-31.12 (80 prosent)	36
Hans P. Hosar	Forskar	01.01.-31.12	44
Siri Iversen	Førstekonsulent	01.01.-31.12	45
Knut Sprauten	Direktør	01.01.-31.12	43
Marianne Wiig	Informasjonsrådgjevar	01.01.-31.12	45
Ola Alsvik	Forskar	01.01.-31.12	45
SUM			258

Engasjementsstillingar:

Navn	Stilling	Periode	Vekeverk
Jon Christian Brekke	Rådgjevar	01.01.-31.12.	33
Aslak Kittelsen	Vitskapleg assistent	01.01.-31.05.	10
Chris Nyborg	Vitskapleg assistent	01.01.-31.12	45
Trond Nygård	Forskar	01.01.-31.12	45
Wanda Rivera-Ødegaard	Vitskapleg assistent	15.05.-31.12	27
Olve Utne	Forskar	01.01.-31.12.	10
SUM			170

	2013	2014	Endring
Totalt forbruk av årsverk	9,0	9,6	+0,6
Løn, totalt (kroner)	4 552 000	4 958 000	+406 000
Samla forbruk (kroner)	7 743 000	7 480 000	- 263 000 ¹

¹ I 2014 vart det berre betalt husleige for 3 kvartal.

Del III. Aktivitetar og resultat i 2014

Samfunnsoppdraget til NLI er tredelt ifølgje vedtektene. Instituttet skal gje råd og rettleiing, det skal drive eiga forskning og stimulere til forskning, og det skal vere nasjonalt dokumentasjonsentrum. På alle desse tre områda har det skjedd endringar dei seinare åra, og desse endringane har blitt tydlegare i 2014.

Den tradisjonelle rettleiinga til instituttet har vore knytt til konkrete prosjekt, særleg bokprosjekt av typen by- og bygdebøker. I 2014 har instituttet hatt 8 manuskript til gjennomgang, av desse er 2 frå innvandrarak eller innvandarmiljø. Sjølv om dette er færre prosjekt enn for nokre år sidan, har fleire av dei vore omfattande eller krevjande, særleg gjeld dette dei fleirkulturelle prosjekta. Mykje av rettleiinga er elles dirigert over på elektroniske plattformer, som Lokalhistorie.no og særleg Lokalhistoriewiki.no. NLI reknar med at omkring 15 prosent av arbeidstida til dei tilsette har gått med til manuskriptlesing og anna rettleiing retta direkte mot by- og bygdebokprosjekt og andre slag fysiske publikasjonar.

Lokalhistoriewiki har i 2014 styrka stillinga si som det viktigaste verktøyet for instituttet. Ikkje minst gjeld dette på forskings- og formidlingsområdet: Historisk befolkningsregister (HBR) har fått noko av eit gjennombrøt i 2014. HBR er eit stort forskingsløft som har som ambisjon å samle inn historisk informasjon om personar knytte til Noreg frå 1801 og fram til opprettinga av det sentrale folkeregisteret i 1964. NLI har arbeidd med å registrere og kvalitetssikre data for prosjektet. Saman med andre typar av dokumentasjons- og registreringsoppdrag utgjer dette ein viktig del av forskingsarbeidet. Også når det gjeld meir problemstyrt forskning og formidling, har 2014 vore eit fruktbart år, og dei tilsette ved instituttet har publisert til saman 14 artiklar i ulike publikasjonar. Dei har eit samle sidetal på ca. 160. Denne typen forskings- og formidlingsaktivitetar utgjer omkring 25 prosent av arbeidstida til dei tilsette.

Den vesentlege delen av arbeidstida og arbeidsoppgåvene til dei tilsette har også i 2014 vore koplade til det tredje resultatmålet, altså til å ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling. Heilt avgjerande innanfor denne satsinga er Lokalhistoriewiki.no, som har blitt så dominerande at det er vanskeleg å skilje dette resultatområdet frå dei andre, særleg frå forskings- og formidlingsverksemda. Men dersom vi held dei eksplisitte forskingsprosjekta – som HBR-prosjektet – utanfor, så er det rimeleg å tru at dei andre wikirelaterte prosjekta, saman med artikkelskriving, biletopplasting og utviklingsarbeid i samband med wikien utgjer omkring 40 prosent av den samla arbeidsinnsatsen ved instituttet. Ut frå det som er sagt, er dette altså eit minimumstal. I tillegg kjem arbeidet med andre nettsatsingar, som Historieblogg.no og Lokalhistorie.no. Men i den store samanhengen utgjer dette berre ein mindre del. Året har elles blitt prega av dei ulike arrangementa og prosjekta i samband med Grunnlovsjubileet. NLI har lagt ned eit stort arbeid i samband med prosjektet Etterkommarane til eidsvollsmennene, som har vore ein stor suksess og gitt mange treff på Lokalhistoriewiki.

NLI meiner at ressursbruken ved instituttet har vore god i 2014, men resultatane som vi presenterer nedanfor i samband med våre tre ulike resultatmål, kviler også på stor arbeidsglede og entusiasme blant dei tilsette. Omrekna til vekeverk fordelte innsatsen seg slik i 2014:

Resultatmål	
1	NLI skal gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk og stadhistorisk relevans
2	NLI skal drive eiga forskning og stimulere lokalhistorisk og stadhistorisk forskning
3	NLI skal ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling i dialog med brukarane
(4)	Oppretthalde god administrasjon og styring

Resultatmål 1) NLI skal gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk og stadhistorisk relevans

Styringsparameter 1	2010	2011	2012	2013	2014
Kommunar og andre aktørar innan lokal- og stadhistorie som NLI har gitt rettleiing til	50	40	42	40	42

NLI rettleier mange av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskript og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I løpet av 2014 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfattarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar i 42 kommunar. Dette talet er på linje med utviklinga dei seinare åra. Dei tilsette har dessutan vore med på fleire planleggingsmøte med initiativtakarar til nye lokalhistoriske verk og halde mange foredrag om relevante lokalhistoriske tema. Vi har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med andre personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid.

Styringsparameter 2	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på gjennomgatte og kommenterte bokprosjekt og andre manuskript (medrekna innvandringshistorie)	7	7	6	7	8

NLI har i 2014 gjennomgått og kommentert manuskript frå 8 bokprosjekt, til saman ca. 1800 sider. Instituttet har gjennom rettleiingstenesta si råda fleire kommunar til å satse på ein kombinasjon av trykt og digital bygdebok. Ein slik kombinasjon har tidlegare vorte nytta i Skedsmo og Gjøvik, der forfattarane i bokverka kan konsentrere seg om dei lange linene, mens mykje av faktainformasjonen vert lagt ut i Lokalhistoriewiki.no. To av manuskriptane har vore frå innvandarmiljø, og arbeidet med desse har vore særstidkrevjande.

Resultatmål 2) NLI skal drive eiga forskning og stimulere lokalhistorisk og stadhistorisk forskning

I samråd med styret har instituttet dei siste to-tre åra gitt forskingsoppgåvene større tyngd innafør verksemda. Forskarane ved instituttet har fått auka den tida dei kan bruke på forskings- og utgreiingsarbeid til 50 prosent. Eit viktig aspekt ved forskinga har vore dei opningar dette har gitt for samarbeid med andre institusjonar, friviljuge organisasjonar og individuelle aktørar med forskingskompetanse eller gode idear. Mykje av denne verksemda må gå over mange år og krev at instituttet har medarbeidarar som er interesserte og viljuge til å ta på seg store arbeidsoppgåver.

Nokre av dei viktigaste prosjekta har Lokalhistoriewiki som plattform, men nedanfor er det også eksempel på prosjekt som ikkje er direkte kopla til wikien:

Styringsparameter 1

Samarbeid med andre institusjonar (og organisasjonar)

Delmål	Samarbeidsinstitusjon, -organisasjon, -aktør	Prosjekt/Tiltak	Aktivitetar i 2014
2.1.1.	Riksarkivet og DIS-Norge	Eidsvollsmennenes etterkommarar	NLI har hatt administratoransvar for prosjektet. Vi har gjort omtrent 3000 redigeringar og gitt rettlegging til om lag 250 skribentar og brukarar. Vidare har NLI gitt teknisk hjelp i samband med samarbeid med Verdens Gang (VG) om søkeportal.
2.1.2.	Statsarkivet i Oslo (SAO)	100-årsjubileum for SAO	Samarbeid om forside og prosjektmal for publisering av artiklar basert på SAOs kjelder.
2.1.3.	Nasjonalbiblioteket (NB)	Opplasting av bilete og artiklar	I samarbeid med NB har NLI i løpet av året lasta opp 5500 fotografiartiklar frå Preus museums database, 16 000 flyfoto frå Widerøe og rundt 50 000 bilete frå bøker i NBs samlingar.
2.1.4.	Universitetet i Tromsø, ved Registreringsentral for historiske data, Riksarkivet, Norsk Regnesentral, Folkehelseinstituttet, Statistisk Sentralbyrå, Høgskulen i Volda, Universitetet i Oslo	Historisk befolkningsregister (HBR)	NLI har utprøvd nettløysing for registeret. Vidare har ein førebudd samankopling mellom Lokalhistoriewiki og HBR (omkring 2100 lenker til folketeljingsdata, standardisering av artiklar med meir, totalt omkring 4500-5000 redigeringar er gjort).
2.1.5	Ragnhild Hutchison Ho fekk <i>Hjernekraftprisen 2014</i> for prosjektet frå Forskarforbundet.	Historiske toll- og skipsanløpslister	Prosjektet går ut på å gjere historiske toll- og skipsanløpslister fritt tilgjengelege og søkbare på nett gjennom å transkribere dei og mate dei inn i ein database med ein web-front. Forprosjektet var fullført i 2013. Hovudprosjektet vert gjennomført i 2014 og 2015.
2.1.6.	Akershus fylkesmuseum, Stiftelsen Kirkeforskning (KIFO)	17. mai som kulturmøte	Prosjektet ble presentert i form av ei utstilling ved Akershusmuseet i 2014. NLI har påtatt seg å produsere manus til bokutgjeving i samarbeid med KIFO. Manuskriptet vart på det næraste ferdigskrive i 2014. Det skal kvalitetssikrast i 2015.
2.1.7.	Landslaget for lokalhistorie, DIS-Norge, Slekt og data, Norsk	Mange stemmer frå levde liv. Landsomfattande innsamling av livsminne	Det har kome inn om lag 150-160 svar. Mange svar er fylldige, med foto, dagboksnotat og

	Folkeminnelag, Institutt for historie og klassiske fag (NTNU), Institutt for kulturstudium og orientalske språk (UiO), Norsk etnologisk gransking, Norsk Folkemuseum	2012-2013	ferdigskrivne hefte. NLI legg til rette for publisering på Lokalhistoriewiki.no.
2.1.8.	Bykle kommune	Digitalisering av bygdebok	NLI har digitalisert 5 bind av bygdeboka, dvs. omkring 420 artiklar og 600 bilete. Vidare er det gjort endringar av faktafeil og kvalitetssikring.
2.1.9.	Khang Ngoc Nguyen	Vår versjon – livsløp mellom Vietnam og Noreg	Nye intervju er gjennomført, eitt nytt kapittel er skrive, og dei andre kapitla er utvida og omskrivne etter innspel frå ekspertar og lesarar. Manus er på omkring 220 sider.
2.1.10	Høgskulen i Telemark	1814 – historia sett nedanfrå	Prosjektet vart initiert av NLI i 2011 med støtte frå Noregs forskingsråd. Arbeidet har resultert i ein kommentert bibliografi, som er publisert på Lokalhistoriewiki.no. Vidare har Jens Johan Hyvik publisert ein artikkel basert på resultatata i Heimen (nr. 3/2014: s. 195-207).

I tillegg kjem fleire individuelle prosjekt, til dømes prosjektet "Stand og Klasse 1814", som gjennom bruk av prosopografisk materiale og emneartiklar på wikien blant anna kartlegg "bygdeborgarskapet" i Nord-Gudbrandsdal og kastar lys over forholdet mellom ymse sosiale og kulturelle grupper forhold til konstitusjon og politikk.

Ein vesentleg del av den forskingsrelaterte publiseringa til medarbeidarane ved NLI skjer innanfor Lokalhistoriewiki.no. I særleg grad har dei tekniske, administrative og fagdidaktiske premissa som Lokalhistoriewiki har lagt for arbeidet, verka positivt inn på dei tilsette sin eigen artikkelproduksjon og på produksjonen til andre aktørar innanfor kunnskapsfeltet. Lokalhistoriewiki.no legg til rette for samproduksjon av artiklar og anna innhald. Difor er det ikkje berre problematisk, men på eitt vis i strid med den sosiale kunnskapsproduksjonen sin grunnleggjande idé å knyte bestemte artiklar til enkeltpersonar. Det næraste vi kan kome kreditering av denne typen, er å undersøkje kven som har oppretta ein artikkel og eventuelt kven som har gitt det største eller viktigaste tilskotet til teksten. Til saman er det meir enn 29 000 artiklar på wikien medio januar 2015. Det er ein auke på tett opp under 11 000 artiklar frå same tid i januar 2013.

Styringsparameter 2	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på nye artiklar publisert i Lokalhistoriewiki.no	2686	1381	2474	4758	10957

Sjølv om 2014 har vore eit spesielt godt år for artikkelproduksjon på wikien, har dei tilsette makta å publisere ei overraskande stor mengd artiklar i fysiske publikasjonar. Dei tilsette har gitt bidrag både

til nasjonale og nordiske utgjevingar. Viktig for instituttet i denne samanheng har vore det sterke engasjementet mange viser for *Lokalhistorisk magasin*, som er eit samarbeid mellom instituttet og Landslaget for lokalhistorie. Også i 2014 kom tidsskriftet ut med 4 hefte basert på aktuelle tema, som til dømes grunnlovsfeiringa.

Styringsparameter 3	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på fysiske publikasjonar produsert av dei tilsette i NLI	8	9	8	5	14

Resultatmål 3) NLI skal ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling i dialog med brukarane

Styringsparameter 1

Utviklinga av Lokalhistoriewiki.no

Arbeidet med å gjere Lokalhistoriewiki til ein betre reiskap for brukarane, kan inndelast i tre hovudområde: teknisk forbetring; administrasjon og brukarretteiing; rekruttering og opplæring av nye brukarar.

Teknisk forbetring

Lokalhistoriewiki kviler på ein installasjon av MediaWiki, eit dataprogram for drift av wikiar. I 2013 vart installasjonen overhaldt og mange gamle løysingar vart bytte ut med enklare og velkjende alternativ. Dette gav avkasting i 2014 i form av mindre tidsforbruk ved nødvendige oppgåver som vedlikehald og oppgradering. I løpet av året oppgraderte instituttet MediaWiki-installasjonen til nyeste LTS-versjon (long-term-support). Wikien har elles vore mykje plaga av "trolling" og spam i 2014.

Administrasjon og brukarretteiing

På den administrative sida har det skjedd eit stort og kontinuerleg arbeid med å rettleie brukarar, både privatpersonar og offentlege aktørar, særleg knytt til dei ulike forskings- og formidlingsprosjekta som er sett i gang på wikien. Rettleiinga gjeld både tekniske tilhøve knytt til wikien, som rådgjeving om opplasting av bilete, og sjølve skriveprosessen, til dømes korleis ein disponerer ein artikkel eller gjev referansar til kjelder og litteratur som har blitt nytta.

Rekruttering og opplæring av nye brukarar


Det har vore pågang frå ulike aktørar, offentlege som private, for å få informasjon, opplæring eller kurs i bruk av Lokalhistoriewiki.no. NLI har halde 3 kurs for ulike aktørar innanfor det lokalhistoriske kunnskapsfeltet i 2014. Talet på registrerte brukarar er no omkring 6500. Talet på besøk har auka monaleg i 2014, det same har talet på sidevisingar.

Styringsparameter 2


Talet på besøk i Lokalhistoriewiki.no

2013	640 584	2 150 078
2014	870 886	2 551 139

Som også vist i årsrapporten for 2013 er det stor variasjon i talet på besøk i løpet av året. Det er eit karakteristisk toppunkt på vinteren/våren og eit nytt på hausten. Grafen nedanfor syner at mai 2014 representerer eit førebels høgdepunkt i besøk på Lokalhistoriewiki.no.



Ein annan viktig indikator som NLI følgjer nøye, er talet på sidevisingar som fortel kor mange artiklar eller andre ressursar i wikien som vert viste. Mønsteret er ikkje overraskande det same når det gjeld denne indikatoren som tilfellet er for besøksfrekvensen.



Talet på artiklar i wikien har vakse nærast eksplisvt i året som gjekk. Den veldige veksten har fleire forklaringsar. For det eine har instituttet no bygd opp ei stor og lojal gruppe med eksterne brukarar, som med jamne mellomrom publiserer artiklar på wikien. For det andre er det 3 av instituttet sine medarbeidarar som bruker nesten all arbeidstid på rettleiing av eksterne brukarar og på produksjon av artiklar. For det tredje har ein av våre næraste samarbeidspartnarar – Nasjonalbiblioteket – gitt wikien store kvanta med artiklar og bilete, som vi har lasta opp til glede for våre brukarar og som ein solid stimulans til ytterlegare produksjon.

Styringsparameter 3	2010	2011	2012	2013	2014
Artiklar i Lokalhistoriewiki.no	9553	10934	13408	18166	29123

Styringsparameter 4	2010	2011	2012	2013	2014
Bilete og lydfile i Lokalhistoriewiki.no	10.086	14.533	22.700	32.201	113.932

Styringsparameter 5
Lokalhistorie.no

Vi har i 2014 ferdigstilt arbeidet med å flytte innhald frå den gamle til den nye utgåva av nettstaden Lokalhistorie.no. I denne prosessen har vi fått sanert sider som ikkje lenger var aktuelle, og nyskrive sider som betre speglar det instituttet gjer i dag. Vi har også lagt over ein del stoff til Lokalhistoriewiki, mellom anna bibliografiar og kjeldekatalogar, som vi har eit bra opplegg for på wikien og som vi ønskjer at brukarane skal vere med å utvikle vidare. Lokalhistorie.no vil fungere som instituttets offisielle, autoritative nettstad, der vi informerer om tenestene våre, om prosjekt og nyhende, medan kommunikasjonen med brukarane i hovudsak vil skje i wikien.

Bibliografi og bibliotek

Frå 2008/2009 har instituttet ført sin årlege bibliografi over lokalhistorisk litteratur på Lokalhistoriewiki. Dette tiltaket legg til rette for eit fruktbart fjernsamarbeid om ajourføring mellom utgjevarar, forfattarar og instituttet sine eigne medarbeidarar. Biblioteket ved NLI har hatt mange gjester i løpet av 2014 og har hatt ein tilvekst på 288 band, noko som inneber at instituttet pr. 31. desember 2014 hadde til saman 21 255 band.

Seminarverksemd

NLI har vore arrangør av to seminar i 2014. Det eine seminaret vart arrangert på Stord 2.-3. oktober og hadde tittelen "busetnadshistorie" for ei ny tid. Seminaret, som var eit samarbeid med Stord kommune, sette fokus på utviklinga av den gards- og ættehistoriske sjangeren i lys av dei moglegheitene som ligg i nyare elektroniske media og elektroniske kjelder. Seminaret hadde 6 innleiarar (2 frå NLI) og 33 deltakarar. Temaet for det andre seminaret var "norsk tettstadshistorie." Seminaret sette søkjelys på tettstadene sitt store mangfald og særleg på historia til og utviklinga av dei mindre tettstadene, som i nyare forsking ofte vert omtalt som "småstadene". Seminaret ble halde 6. november 2014 i Halvbroren og hadde 8 foredragshaldarar og 34 deltakarar.

Redusere og fjerne "tidstjuvar"

NLI har for året 2014 merka seg to område som peikar seg ut som tidstjuvar: statlege spørjeundersøkingar og avrop av banktenester. Instituttet vårt får tilsendt ein del omfattande spørjeundersøkingar som det tar mykje tid å svare samvetsfullt på. Fleire av spørsmåla er dårleg tilpassa små institusjonar som NLI. Vi skulle ønskje at spørjeundersøkingane kunne få ei betre

utforming. Det kunne gjerast ved at ein i innleiinga (eller mellom spørsmåla) til dømes seier noko om at verksemder med mindre enn 20 tilsette, kan gå vidare til spørsmål nr.xx , verksemder som ikkje driv sal, kan... osb.

Vi tykkjer at systemet med "avrop" av banktenester som vart gjennomført i 2014, er arbeidskrevjande utan at det er noko særleg å spare på det. Vi ville ha sett pris på at Departementet hadde organisert dei små etatane sine slik at dei kunne gå saman om "avrop" og innhenting av tilbod på banktenester. Da ville verksemdene få større brukarmakt og oppnå meir – samstundes med at ikkje alle må gjere det same arbeidet.

Når det gjeld effektiviseringstiltak og tidstjuvar **internt** ved NLI, har vi ført vidare det arbeidet som vi tidlegare har gjort for å drive effektivt. Nokre døme skal gjevast:

- Vi har i fleire år samarbeidd med Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) om rekneskap og service/support som gjeld pc-tjenester. NLI har ikkje eigne tilsette som er godt utdanna innan desse arbeidsområda, medan NLB har personar som er godt kvalifisert og kan hjelpe oss dersom problem skulle oppstå. NLI betaler ein fast sum pr. år for denne tenesta.
- NLI har redusert tidsbruken til interne møte ved å leggje korte møte om orienteringssaker til forlenginga av lunsjen på torsdager (når det er naudsynt). Andre møte skal alltid ha oppgitt slutt-tidspunkt for å sikre at tidsbruken ikkje blir uturvande stor.
- NLI's generelle faglege råd og orientering om lokalhistorie i Noreg er lagt ut på Internett-sidene til instituttet. Slik kan enkle spørsmål som gjeld mange, få gode svar utan at det involverer direkte sakshandsaming. Dermed kan NLI konsentrere seg om meir krevjande spørsmål og tema. Det må dessutan seiast at utbyggjinga av lokalhistoriewikien har verka med til at informasjon mellom oss og "kundane" kan skje direkte og snøgt.
- Hjå oss er det kort veg frå leinga til den einskilde tilsette. Det gjer at eventuelle problem kan løysast raskt, slik at dei tilsette slepp å bere dei med seg gjennom lang tid, noko som kan verke negativt på effektiv ressursutnytting.

Arbeid for likestilling

Dei tilsette ved NLI 2014

	Totalt (12)		Leiarar		Øvrige stillingar (11)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling- alle tilsette (i pst.)	33 (4)	67 (8)	0	100 (1)	40 (4)	60 (7)
Kjønnsfordeling- heiltidstilsette (i pst.)	33 (2)	67 (5)	0	100 (1)	33(2)	67 (4)
Kjønnsfordeling- deltidstilsette (i pst.)	33 (2)	67 (3)	0	0	33 (2)	67 (4)
Gjennomsnittsløn (i 1000 kr)	455 (4)	546(8)		780(2)	452 (4)	449 (6)

Kommentarar til tabellen: Norsk lokalhistorisk institutt hadde i 2014 6 faste stillingar, 3 menn og 3 kvinner (av desse ei kvinne i 80 % stilling). NLI hadde 6 i mellombelse stillingar: 5 menn (22,5-100 %) og 1 kvinne (60 % stilling). Når vi ser på lønsplasseringa utan omsyn til deltid og lengden på engasjementa, kan vi konstatere at mennene tener 20 % mer enn kvinnene. Mennene har dei faste stillingane med dei høgste krava til kvalifikasjonar og er difor best løna.

Styret for NLI består av tre kvinner og to menn. Leiaren er kvinne.

Grøn stat

NLI har oppretta eit miljøutval, som består av Siri Iversen og Knut Sprauten. NLI har inga rolle som produsent av miljøfarlege stoff, og har heller inga rolle som byggherre og eigedomsforvaltar. Ved innkjøp legg vi vekt på forbruk av miljøvenleg papir og deltar i ei ordning med papir til attvinning. NLI er opptatt av å velje de minst miljøbelastande produkta ved innkjøp. All søppel blir kjeldesortert. Det er en felles ordning for heile bygget "Halvbroren".

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

NLIs overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Norsk lokalhistorisk institutt nyttar mål- og resultatstyring som styringsprinsipp, og meiner at den samla måloppnåinga er bra – og på enkelte punkt sågar svært god (jf. Del III).

Når det gjeld tilsynet som Riksrevisjonen har med instituttet, er NLI vorte kontrollert i snart 15 år "utan vesentlege merknader". NLI har gjennomført ny standard kontoplan frå byrjinga av 2014. Det har nokre få gonger vore ei utfordring å postere utgiftene konsekvent, men under eitt har det gått betre enn venta. Samla oversikt har vore bra, med eit meirforbruk på 8667 kroner i 2014 (ca. 1 promille av disponibel sum).

NLI har låg turnover. Ingen av dei fast tilsette har sidan 2000 skifta jobb, berre gått av i samband med pensjonering. Mellom dei mellombels tilsette har situasjonen sjølvstøtt vore annleis, men dei har vore hjå oss så lenge det har vore mogeleg. Trivselen på arbeidsplassen har altså vore god. NLI har IA-avtale. Halvparten av dei fast tilsette er i alderen 59-66 år. NLI må førebu seg på at dei blir pensjonistar, og tidleg leggje planar for korleis nye fagfolk kan rekrutterast.

I risiko- og vesentlegheitsvurderinga si har NLI lagt vekt på at IKT-kompetansen til instituttet må aukast. Å opprette ei fast IKT-stilling så raskt som mogeleg vil ha mykje å seie for instituttets framtidige rolle i det lokalhistoriske fagmiljøet og gi oss auka kompetanse til å skape betre datasikkerheit, både når det gjeld NLIs nett-tenester, den komande innføring av elektroniske arkiv og andre utfordringar. I 2014 har NLI hatt ein IKT-rådgjevar i ei mellombels stilling, og vi vonar at vi kan behalde han. IKT-sikkerheita har vorte stadig betre medan han har arbeidd hjå oss. Som døme kan vi nemne at NLI no er reserve-sørverane til instituttet plassert ein annan stad enn i kontorbygningane våre – ei god løysing om det skulle oppstå brann.

21. oktober 2014 vart NLI råka av skade frå rennande vatn. Det oppstod ein betydeleg lekkasje av vatn som fossa ned frå taket i kontorarealet vårt, like i nærleiken av biblioteket. Til alt hell skjedde dette i kontortida, så dei rette vedkomande frå Entra fekk snøgt melding om kva som var skjedd. Det synt seg at koplinga mellom to vassrør i tak-konstruksjonen hadde gått frå kvarandre, og vatnet fekk fritt løp. Ein god del av dei eigenproduserte bøkene våre vart øydelagde av vatnet, men dei bøkene som var plasserte i biblioteket, berga stort sett. Vi fekk mykje ekstraarbeid med å berge unna bøker og utstyr og sette det på plass att etterpå.

Del V: Vurdering av framtidutsikter

Vi meiner at NLI på dei fleste områda har kapasitet til nå fastsette mål og levere resultat som er gode, og som er i pakt med samfunnsoppdraget vårt. Ved hjelp av kombinasjonen av løyving over statsbudsjettet og økonomiske bidrag frå samarbeidspartnarar har NLI nådd eit nivå som gjer at vi er særst nøgd med utviklinga for Lokalhistoriewikien, som er hovudsatsinga vår. Det er ingen resultat frå 2014 som illustrerer betre kva et lite institutt kan oppnå når en vesentleg del av ressursane vert samla om å oppnå ekstra framgang på eitt område. Lokalhistoriewiki er eit nav i det arbeidet NLI gjer. Mykje dreier seg om wikien: Research i litteratur og kjelder er primært dirigert av de moglegheitene wikien gir, den vesentlege del av vår kreativitet og forskartrang dreg i same retning, størsteparten av NLI's publiseringsverksemd skjer på wikien. Også gamal og tradisjonell kjerneverksemd som rettleiing og rådgjeving overfor lokalhistorikarar finn stad gjennom wikien. Straumen av brukarar og besøk på wikien vil auke eksponensielt i tida som kjem, og få store dimensjonar. NLI's arbeid på Lokalhistoriewikien må også dimensjonerast for det. Vi vonar at ekstraintektene utanfrå vil halde fram, slik våre tilsette kan gjere det arbeidet som trengst.

Det er to område der vi ikkje er nøgde med det vi har fått til. Det eine gjeld lokal minoritetshistorie eller fleirkulturell lokalhistorie; det andre gjeld lokalhistorisk forskings- og utreiingsarbeid. Her burde vi hatt ressursar til å gjere meir. I åra som kjem, vil innvandrarar og deira etterkomarar utgjere ein aukande del av befolkninga i Noreg. Dei vil etterspørje si lokalhistorie i Noreg. Vi skulle difor ha hatt stillingar innanfor lokal minoritetshistorie og fleirkulturell lokalhistorie. Innanfor fagfeltet fleirkulturell lokalhistorie vil det krevjast ein monaleg forskingsinnsats for å tilføre instituttet nødvendig kompetanse, og i tillegg vil det vere viktig med oppsøkjande feltarbeid overfor minoritetsgrupper.

VI: Rammer for årsrekneskap 2014

Kommentar frå leiaren

Formål

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kulturdepartementet (KUD). Instituttet skal fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forskning, men også stimulere til forskning og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokalhistorie. NLI har vore i drift med eigne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956.

Stadfesting

NLI fører rekneskapen etter kontantprinsippet. Årsrekneskapen er lagt fram etter beste skjøn og i samsvar med krava om økonomistyring i staten (jf. Rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring). Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei diponible løyvingane som NLI rår over, med rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for NLI.

Vurdering av vesentlege tilhøve

Rekneskapen for 2014 viser at dei samla utgiftene nådde opp til kr 7 479 917,75 medan den endelege tildelinga frå KUD var 6 966 000. I tillegg har NLI administrert prosjektstøtte for Norske tollister, 1 050 000 kroner. Vi har dessutan mottatt diverse inntekter i form av stønad frå samarbeidspartnarar o.a. på 436 413,50 og mottatt 104 812 i form av arbeidsmarknadstiltak og sjukepengar frå NAV. Disponibel sum for NLI i 2014 har altså vore 8 557 225,50. Når dei samla utgiftene vert trekt ifrå, står det att 1.077.307,75. Av dette står 835 974,50 att av midlane til Tollisteprosjektet, og 250.000 av NLI's utbetalingar til andre samarbeidsprosjekt som er utbetalt frå bank, men feilført i rekneskapen (kortsiktig gjeld). Det syner at NLI har hatt eit meirforbruk på så å seie 8 700 kroner.

Samarbeidet med andre aktørar om arbeid på Lokalhistoriewikien o.a. har altså ført til at instituttet i 2014 har hatt nesten 1,6 millionar meir (22,8 %) til disposisjon enn den endelege tildelinga frå KUD.

Dei samla utbetalingane til løn og sosiale utgifter utgjorde i 2014 heile 79 % av summen av utbetalingane (sjå Artskontorrapporteringa for 2014). Vi er godt nøgde med at drifta sin relative del av den samla summen er blitt så tydeleg redusert, men ein må ha i minne at instituttet i dette året berre betalte husleige for tre kvartal.

Oslo 13.03.2015

Knut Sprauten

Direktør

Oppstilling av artskontorrapporteringen for 2014

	Note	201413	201313
Inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	1 050 000	0
Salgs- og leieinntekter	1	436 414	0
Andre inntekter	1	0	0
Innbetaling av finansinntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter</i>		1 486 414	0
Utgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter	2	5 843 243	0
Offentlige refusjoner vedrørende lønn	2	-104 812	0
Utbetalt til investeringer	3	47 362	0
Utbetalt til kjøp av aksjer		0	0
Andre utbetalinger til drift	4	1 589 313	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<i>Sum utbetalinger</i>		7 375 106	0
Netto rapporterte utgifter til drift og investeringer		5 888 692	0
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	5	0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	6	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer til andre</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
5700 Folketrygdens inntekter - Arbeidsgiveravgift		707 986	0
5309 Tilfeldige inntekter (gruppeliv m.m)		14 132	0
<i>Sum inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</i>		722 118	0
Netto utgifter rapportert til bevilgningsregnskapet		5 166 575	0
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld		201413	01.01.2015
Fordringer (legg til linjer og vis på konto)	7	0	0
Kasse (legg til linjer og vis på konto)	7	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank (legg til linjer og vis på k	7	0	0
Skyldig skattetrekk	7	-235 055	0
Skyldige offentlige avgifter (legg til linjer og vis på konto)	7	0	0
Annen gjeld (legg til linjer og vis på konto)	7	250 000	0
Sum mellomværende med statskassen		14 945	0

Kontrollsum:

5 166 575

5 166 575

0

Differanse

Rapporteringsperiode: 201413

Rapport kjørt: 13.01.2015 07:48

Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindretgift
Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		6 966 000	7 479 918	-513 918
				6 966 000	7 479 918	-
Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
Diverse inntekter	01	Driftsinntekter		1 486 414	650 439	-835 975
Ref. arbeidsmarkedstiltak	15	Refusjon av arbeidsmarkedstiltak		87 501	87 501	0
Refusjon sykepenger	18	Refusjon av sykepenger		17 311	17 311	0
Tilfeldige inntekter	29	Ymse			14 132	
Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift			707 986	
				1 591 226	1 477 369	
					6 002 549	
Norges Bank KK /innbetalinger					1 591 226	
Norges Bank KK/utbetalinger					-6 990 508	
Endring i mellomværende med statskassen					232 708	
					835 975	
Tekst				2015	2014	Endring
Aksjer				0	0	0
Mellomværende med statskassen				14 945	-217 763	232 708

Virksomhet: C9 - Norsk lokalhistorisk institutt

Note A Forklaring av samlet tildeling			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
32 901	298 000	6 590 000	6 888 000
62 901	78 000		78 000
			0
			0

Virksomhet: C9 - Norsk lokalhistorisk institutt

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hhv avgitte belastningsfullmakter	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Standard refusjoner på inntektspostene 15-18	Merinntekter iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
32 901		-513 918		-513 918	104 812	400 439			-8 667	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx21				0					0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx21	"kan nyttes under post 01"			0					0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx45				0					0		
xxxx45	"kan overføres"			0					0	[Sum årets og fjorårets tildeling]	[og fjorårets tildeling]
xxxx70				0					0		
xxxx75	"overslagsbevilgning"			0					0		

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2/2013 for mer detaljert informasjon om overføring av ub

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Fullmakt til å bruke standard refusjoner av lønnsutgifter til å overskride utgifter. Dette utgjør 104.812 (sykepenger og arbeidsmarkedstiltak).

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter. Det er mottatt 1.050.000 fra private legater og fond. Av dette beløpet er det brukt 214.026. Resten 835.974 er søkt overført til 2015.

NLI har også hatt diverse inntekter på 436.413,50, slik at den samlede inntektssum utenom den endelige tildeling fra KUD kom på 1.591.225,50. Med tildelingen fra KUD utgjør dette 8.557.225,50.

NLI har etter avtale utbetalt 250.000 til to prosjektpartnere: 11.03.2014: 160.000 til Akershus fylkesmuseum og 01.10.2014: 90.000 til KIFO Stiftelsen Kirkeforskning.

Disse to summene er blitt feilført i regnskapet, og dette medførte at NLI's reelle forbruk er 250.000 høyere enn beregnet ved årets utløp.

Note 1: Inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet 2015

	201413	201313
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser	1 050 000	0
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1 050 000	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Diverse tilfeldige inntekter (diverse inntekter post 01 - 29)	436 414	0
Sum salgs- og leieinnbetalinger	436 414	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Diverse inntekter	0	0
Sum andre innbetalinger	0	0
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst (agio)	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Sum inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet	1 486 414	0

Det vises til vårt institutts innrapportering 15.01.2015 til det sentrale statsregnskapet for 2014. Her framgår det at prosjektet *Toll- og skipsanløpslister*, som er forankret ved vårt institutt, i løpet av 2014 har mottatt en støtte på til sammen 1 050 000 kroner fra stiftelser og legat. De utgiftene som er belastet dette prosjektet i 2014, er i alt på kr. 214 025,50. Det gjenstår altså **kr. 835 974,50**. Vi ber om at de gjenstående midlene overføres til regnskapsåret 2015 for å dekke de utgiftene som skal belastes dette prosjektet.

Note 2: Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlige refu

	201413	201313
<i>Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter</i>		
Lønninger	4 957 646	0
Arbeidsgiveravgift	707 986	0
Pensjonsutgifter*	0	0
Andre ytelser	177 612	
Sum utbetalinger til lønn og sosiale utgifter	5 843 243	0
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
<i>Offentlige refusjoner vedrørende lønn</i>		
Sykepenger og andre refusjoner	104 812	
Sum offentlige refusjoner vedrørende lønn	104 812	0
Antall årsverk:	10	x

Note 3 Utbetalt til investeringer 2015

	201413	201313
Immaterielle eiendeler og lignende	31 111	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Nasjonaleiendom og kulturminner	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	16 250	0
Andre utgiftsførte investeringer (*)	0	0
Sum utbetalt til investeringer	47 362	0

Note 4 Andre utbetalinger til drift og utbetaling av finansutgifter 2015

	201413	201313
<i>Andre utbetalinger til drift</i>		
Husleie	775 260	0
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	60 207	0
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	24 894	0
Mindre utstysanskaffelser	49 636	0
Leie av maskiner, inventar og lignende	29 676	0
Konsulenter og andre kjøp av tjenester fra eksterne	203 126	0
Reiser og diett	65 839	0
Øvrige driftsutgifter (*)	380 676	0
Sum andre utbetalinger til drift	1 589 313	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Agiotap	0	0
Andre finansutgifter	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Virksomhet: C9 - Norsk lokalhistorisk institutt

Rapport kjørt: 13.01.2015 07:48

Note 5 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten 2015

	201413	201313
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Virksomhet: C9 - Norsk lokalhistorisk institutt

Rapport kjørt: 13.01.2015 07:48

Note 6 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten 2015

	201413	201313
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0

Note 7 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen 2015

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	201413	201413	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler*	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	0	0	0
Kasse og bank	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-235 055		-235 055
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	250 000		250 000
Sum	14 945	0	14 945
Langsiktige forpliktelser			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Sum	14 945	0	14 945

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 7 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Forretnings- kontor	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer								
Selskap 1								
Selskap 2								
Balanseført verdi 13.13.2015								0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.